

Laus hest tråva heim til Dønhaug

06.11.2010

Ein episode med ei laus tråvarhoppe ved 14-tida i ettermiddag kunne ha fått ein langt verre slutt enn han fekk.

Men alt gjekk bra utan ekstra dramatikk og det skuldast ikkje minst hesten sjølv.

Ei gruppe med basis på Dønhaug Gjestegard og med 4 hestar var ute på ridetur. På vegen mot kalkingsstasjonen vart det ei mistyding slik at grima til den 7 år gamle tråvarhoppa Ally Star vart sluppe.

Dermed såg ho sitt snitt til å stikka av og sprang i stor fart nedover dalen.

Det var berre såvidt det ikkje vart kollisjon med minst ein møtande bil. Heldigvis tok Ally Star Kjerlandssido nedover og sprang rett heim til Dønhaug!

Av Ola Matti Mathisen